

- Basestasjonen bør leggjast til Skorpo

28.08.2008



Også Birger Lægland protesterar mot basestasjon på denne haugen eller på sida av han. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Birger Lægland, som bur i Kleivadalsvegen 5 på Korsnes, har slutta seg til protestane mot Telenor sin planlagde basestasjon og konkluderer eit brev til kommunen med at det på Skorpo er mange plassar der det ikkje bur folk. Difor må ein der kunne finna ein god plassering.

Lægland vil ikkje ha basestasjonen plassert så nær eigedomen sin og han vil heller ikkje godta at antennen blir plassert ved siden av hytta. Då vil den komma enda nærmare. Området den er tenkt plassert er og på eit friområde i nærleiken av offentleg badestrand der barn ofte leikar.

Lægland viser til eit innlegg i Bergens Tidende av direktør Gunnar Saxeboel i Statens strålevern som skriver at eitpar meters avstand er nok til å halda seg utanfor faresonen.

- Her er mange barn som leikar, så dette kan bli vanskeleg, meiner Lægland.

Han viser også til ein uttale i same avis frå fagansvarleg for elektromagnetisk stråling i Norges Miljøvernforbund Sissel Halmøy. Ho oppfattar Strålevernet som totalt uansvarleg og seier at stadig fleire seier nei til basestasjonar nær boligen sin. Ho viser til at det stadig kjem ny forskning som tyder på samanheng mellom elektromagnetisk stråling og helseplager, også alvorlege helseskader som kreft.

Av Ola Matti Mathisen